

## **Tilbod om vaksinasjon for born og ungdom i alderen 12-15 år**

Regjeringa har vedteke at 12-15-åringar skal få tilbod om koronavaksine, slik Folkehelseinstituttet (FHI) anbefaler. Aldersgruppa vil i første omgang få tilbod om éin vaksinedose.

### **Kven får tilbod?**

Alle born fødte i 2006, 2007 og 2008 får tilbod om vaksine. For 2009-kullet gjeld det born som har fylt 12 år. Dei som ikkje har fylt 12 år ved tidspunkt for vaksining vil få tilbod etter fylte 12 år.

FHI påpeikar at ungdom i alderen 12-15 år generelt har svært god effekt av vaksinen, og det er sannsynleg at beskyttelsen vil vare lenger etter ein dose i denne aldersgruppa, enn hos vaksne. FHI vil gjere nye vurderingar med oppdatert kunnskap om alvorlege biverknadar, sjukdomsutviklinga og den samla situasjonen før det eventuelt blir gjeve ei anbefaling om dose to til denne aldersgruppa. FHI vil lage tilrettelagt informasjon til 12-15-åringane slik dei har rett til etter FN sin barnekonvensjon.

### **Samtykke:**

Stryn kommune arbeider med å få på plass logistikken rundt vaksining av denne gruppa, og det vil bli gitt meir informasjon etter kvart. Generell informasjon blir no sendt ut til skulane, slik at foreldre og born kan ta stilling til om dei ønskjer vaksinasjon.

Det er foreldra som tek den endelege avgjerda om vaksining av borna.

Unge i alderen 12-15 år er ikkje helserettsleg myndige, men dei skal høyrast i avgjerd om eiga helse. Koronavaksinasjon forutset samtykke frå den eller dei som har foreldreansvaret.

Vi ber om at vedlagt samtykkeskjema vert returnert til skulen innan 15/9-21 dersom eleven skal meldast opp til vaksinasjon.

Med vennleg helsing

Vaksinasjonsteamet i Stryn kommune